

Tiltaksplan for Helse2035

Grunnlag for tiltaksplanen

Visjon

«Å fremje helse, meistring og livskvalitet»

Verdiar

Respekt, tryggleik og kvalitet

Mål

- Trygge og nære helsetenester
- God samhandling og effektiv ressursbruk i heile pasientforløpet
- Aktiv pasientdeltaking og heilskapleg behandling
- Ein framtidsretta og innovativ kompetanseorganisasjon



Innleiing og oppbygging

Tiltaksplanen er basert på strategien til Helse Vest, Helse2035*


Tiltaksplanen skildrar regionale tiltak som skal bidra til gjennomføring av strategien. Dei regionale tiltaka skal ha ei overordna innretning, og byggje opp om den lokale gjennomføringa av strategien. Regionalt samarbeid, felles system og utgreiingar, og andre tiltak er derfor prioriterte.

Dei fire første åra er mest konkretisert i denne tiltaksplanen. Dei påfølgjande fireårsperiodane vil bli ytterlegare konkretisert seinare.



*Planen gir ikkje ei utfyllande skildring av alle aktuelle tiltak, men tek føre seg regionale tiltak med ei overordna innretning

Tiltaksplan og samanheng med andre styrande dokument



Helse2035 og Tiltaksplanen (dette dokumentet) tek omsyn til og byggjer på nasjonale føringar og sentrale prosjekt

Tiltaksplanen skildrar regionale, tverrgående tiltak som skal bidra til å sikre gjennomføringa av strategien, og tiltak som ikkje er handsama andre stader.

Tiltaksplanen er konkret dei 4 første åra.

Perioden 2022-27 vil mellom anna pregast av ny bygningsmasse medan ein tar i bruk og hentar ut effekten av ny digital teknologi regionalt og lokalt

I perioden 2027-35 forventar ein viktige innslag av nasjonale løysingar, mange digitale helsetenester og nye måtar å arbeide og samhandle på.


Gjennomføringa av Helse2035 skjer i heile Helse Vest, i alle HFa, i mellom anna:

- føretaka sine strategiar og utviklingsplanar
- regionale fag- og funksjonsplaner
- store investeringar i menneske og kompetanse, teknologi, bygningar og anna infrastruktur,
- gjennom dei store regionale og nasjonale programma

Tidslinje for gjennomføring av tiltaka

Sortert etter tid for gjennomføring

ILLUSTRASJON




- Pasienten si helseteneste
- Eitt helsevesen
- Utvikling av helsetenestene
- Medarbeidaren, leing og organisasjon

Tidslinje for gjennomføring av tiltaka

ILLUSTRASJON

Sortert etter hovudoverskrift



1. Pasienten si helseteneste

Overordna målsetjingar i Helse2035:

- > Tenestene skal vere likeverdige og halde høg kvalitet, utan uønskt variasjon. Møtet mellom medarbeidarane og pasientane skal gi meirverdi, og ingen skal døy eller bli skadde som følgje av unngåelege feil og manglar.
- > Tydelege prioriteringar, involverande prosessar og god kommunikasjon skal gi eit rett bilete av kva pasientane kan forvente, sikre lik tilgang til tenester og bidra til ei berekraftig utvikling.
- > Pasientar med fleire samtidige sjukdommar skal få eit heilskapleg og tverrfagleg tenestetilbod, og eit samanhengande behandlingsforløp som er organisert med utgangspunkt i den enkelte pasienten sitt behov.
- > Pasientar skal få ei raskare, betre og meir koordinert behandling på tvers av faglege, organisatoriske og geografiske grenser.

Tilgrensande planar, strategiar og program

Regionale planar

- > Teknologiplan for Helse Vest
- > Regional plan for laboratorietenester
- > Regionale fagplanar

Regionale strategiar

- > Regional innovasjonsstrategi
- > HMS-strategi for Helse Vest

Regionale program

- > HELIKS
- > Alle møter
- > Prehospital EPJ



1.1 Betre medisinsk planlegging og overgangar til kommunane

Definere ein standard for «[aggressiv planlegging](#)», og set krav om at aggressiv planlegging blir nytta ved alle interne tilvisingar

2018-2019 2020-2021 2022-

1.2 Systematisk oppfølging av brukarerfaringar

Setje kvalitetsmål knytte til PREM og PROM, og hente inn data for å vurdere måloppnåinga (i kor stor grad hentar vi allereie inn [data](#)?)

2018-2019 2020-2021 2022-

1.3 Styrke koordinatorrolla

Utvide koordinatorrolla til fleire pasientforløp. Opprette eit regionalt forum for koordinatorar

2018-2019 2020-2021 2022-

1.4 Kjennskap til og kultur for rett prioritering

Sikre prioritering nødvendig plass i utdanninga. Gjennomføre regionale opplæringstiltak

2018-2019 2020-2021 2022-

1.5 Redusere uønskt variasjon

Nytte benchmarking og indikatorar til å analysere lokale, regionale og nasjonale variasjonar. Etablere normer og setje krav til maksimale avvik

2018-2019 2020-2021 2022-

1.6 Redusere utviklinga av antibiotikaresistens

Utarbeide ein regional plan for å identifisera og innføre førebyggjande tiltak og arbeid mot antibiotikaresistens i relevante tiltaksområder gitt av Helse- og omsorgsdepartementet

2018-2019 2020-2021 2022-

2. Eitt helsevesen

Overordna målsetjingar i Helse2035:

- > Pasientar skal oppleve helsetenesta som ei einenskapleg eining som handterer informasjon, tenester og behandlingsforløp på ein heilskapleg måte.
- > Helse Vest skal bruke private aktørar til å byggje opp om pasienten si helseteneste som ein samordna og strategisk del av verksemda.

Tilgrensande planar, strategiar og program

Regionale planar

- > Teknologiplan for Helse Vest
- > Regionale fagplanar

Regionale strategiar

- > Regional innovasjonsstrategi
- > HMS-strategi for Helse Vest

Regionale program

- > HELIKS
- > Alle møter
- > Lab-plan
- > Prehospital EPJ



2.1 Integrere fastlegar og legevakt i spesialisthelsetenesta – pilot

Prøve ut eit avgrensa pilotforsøk der fastlegane og legevakta er ein del av spesialisthelsetenesta.

2018-2019 2020-2021 2022-

2.2 Tettare integrering med private aktørar

Vidareutvikle avtalane med private aktørar, og setje krav til mellom anna pasientflyt, fagleg samarbeid og utvikling, bruk av samhandlande elektroniske løysingar med meir.

2018-2019 2020-2021 2022-

2.3 Gje private aktørar heilskapleg ansvar

Greie ut kva gevinstar som kan hentast ut gjennom utlysing av større funksjonar og ansvarsområde, og eventuelt gjennomføre ei slik utlysing

2018-2019 2020-2021 2022-

2.4 Styrke samarbeidet mellom fastlegar og spesialisthelsetenesta

Vurdere og eventuelt innføre meir effektive løysingar for direkte kontakt og samarbeid mellom spesialistar i sjukehusa og fastlegar. (Sjå [døme](#) frå Haraldsplass Diakonale Sjukehus.)

2018-2019 2020-2021 2022-

2.5 Styrke beredskapssamarbeidet på Vestlandet

Greie ut samarbeidsformer og eventuell samlokalisering knytt til beredskap og vaktsentral med eksempelvis kommunale helsetenester, politiet, brannvesenet, forsvaret, Avinor, Statens vegvesen, Jernbaneverket

2018-2019 2020-2021 2022-

3. Utvikling av helsetenestene

Overordna målsetjingar i Helse2035:

- > Sikre ei positiv og berekraftig utvikling ved å dra nytte av dei teknologiske moglegheitene, effektivisere prosessar og drift, realisere potensialet i pasientane sin eigeninnsats og yte tenester på det nærmaste effektive nivået.
- > Spesialisthelsetenester skal utførast heime hos pasientane når det er formålstenleg og ressursparande.
- > Helse Vest skal bidra til at Noreg er blant dei leiande landa innanfor helseforskning, helseinnovasjon og anvend teknologi.

Tilgrensande planar, strategiar og program

Regionale planar

- > Teknologiplan for Helse Vest
- > Aktuelle fagplanar

Regionale program

- > HELIKS
- > Alle møter
- > LIBRA
- > Prehospital EPJ

Regionale strategiar

- > Regional innovasjonsstrategi



3.1 Fleire spesialisthelsetenester utanfor sjukehusa

Greie ut kva slags spesialisthelsetenester som med fordel kan ystast utanfor sjukehusa og i heimane til folk, på kort og lengre sikt.
Lage ein plan for prioritering og utvikling av tenester utanfor sjukehusa

2018 - 2019

2020 - 2021

2022 -

3.2 Regional virtuell radiologisk diagnoseeining

Greie ut moglege felles virtuell radiologisk diagnoseeining for Helse Vest

2018 - 2019

2020 - 2021

2022 -

3.3 Auka satsing på kvalitetsutvikling og innovasjon

Dreie fordelinga av forskings- og innovasjonsmidlar mot satsingane som gir størst moglege nytte for pasientane

2018 - 2019

2020 - 2021

2022 -

3.4 Felles investeringar i teknologi og infrastruktur

Greie ut moglege felles investeringar i teknologi og infrastruktur med kommunane

2018 - 2019

2020 - 2021

2022 -

4. Medarbeidaren, leiing og organisasjon

Overordna målsetjingar i Helse2035:

- > Medarbeidarane i Helse Vest skal ha eit godt arbeidsmiljø. Dei skal vere stolte av yrket sitt og ha kompetanse og evne til å handtere framtidig spesialisering og nye oppgåver.
- > Helse Vest skal rekruttere og utvikle leiarar som kan handtere utfordringane som kjem, og som legg grunnlaget for eit velfungerande arbeidsmiljø der kvar enkelt opplever å vere ein viktig del av heilskapen i Helse Vest.
- > Helse Vest skal utvikle ein effektiv organisasjon og struktur med tydeleg oppgåvedeling, høg spesialisering og best mogleg utnytting av store investeringar og tungt utstyr.

Tilgrensande planar, strategiar og program

Regionale planar

- > Regionale fagplanar
- > Samarbeidsavtalar med utdanningssektoren
- > Bemanningsmodell

Regionale program

- > HELIKS
- > LIBRA
- > Alle møter
- > Prehospital EPJ

Regionale strategiar

- > HMS-strategi for Helse Vest



4.1 Utvikle sjukehus i nettverk

Greie ut korleis sjukehusa i Helse Vest kan samarbeide betre og knytast tettare saman gjennom eksempelvis felles journal, fagleg nettverk, funksjonsdeling, nasjonale tenester, pasientkoordinatorar og pasientstrømmar internt

2018 - 2019

2020 - 2021

2022 -

4.2 Tverrfagleg utdanningsløp og spesialisering

Greie ut og definere nødvendig tverrfagleg kompetanse og kunnskap om prioritering, og utvikle kompetansetiltak og utdanningsløp i samarbeid med utdanningssektoren

2018 - 2019

2020 - 2021

2022 -

4.3 Utdanning og utvikling av leiarar

Greie ut og definere nødvendig leiarkompetanse og kunnskap om prioritering, og utvikle kompetansetiltak og utdanningsløp i samarbeid med utdanningssektoren

2018 - 2019

2020 - 2021

2022 -

Pasienten si helseteneste

1

Utdjuping av tiltaksområde

1. Pasienten si helseteneste

Tiltak 1.1

Tiltak 1.2

Tiltak 1.3

Tiltak 1.4

Tiltak 1.5

Tiltak 1.6

1.1 Betre medisinsk planlegging og overgangar til kommunane

Bakgrunn

Pasientforløp med fleire kontaktpunkt innanfor spesialisthelsetenesta er i mange tilfelle ikkje planlagd godt nok. Pasientane kan oppleve å få tilvising til vidare utgreiing og behandling utan at vurderingane er tilstrekkelig dokumentert, og utan et ein gjennomtenkt og strukturert plan er på plass. Dette gjer at den samla ressursbruken aukar, og at pasienten opplever behandlingsforløpet som dårlegare.

Tiltak

- > Definere ein standard for «[aggressiv planlegging](#)», og set krav om at aggressiv planlegging blir nytta ved alle interne tilvisingar

Ønska effekt

- > Mål: Raskare og betre behandling, betre oppleving for pasientane, mindre samla ressursbruk
- > Betre pasientopplevingar (PREM)
- > Redusert ressursbruk per pasientforløp og per
- > Betre kliniske kvalitetsindikatorar

Avhengigheiter og konkrete referansar til tilgrensande planar, strategiar og program

- > HELIKS
- > Alle møter
- > Prossessorientert verksemdutvikling

Involverte aktørar

HF-a

UH-sektoren

Andre

Private
aktørar

Kommunane

Fastlegane

Tidslinje

2018

2019

2020

2021

2021-2025

2026-2035

1. Pasienten si helseteneste

Tiltak 1.1

Tiltak 1.2

Tiltak 1.3

Tiltak 1.4

Tiltak 1.5

Tiltak 1.6

1.2 Systematisk oppfølging av brukarerfaringar

Bakgrunn

Spesialisthelsetenesta brukar eit breitt spekter av indikatorar i kvalitetsoppfølginga. Indikatorane legg mest vekt på aktivitet og medisinsk utfall, mens pasientopplevingane i mindre grad blir brukt i styringa av verksemda.

Tiltak

- > Setje kvalitetsmål knytte til PREM og PROM, og hente inn data for å vurdere måloppnåinga

Ønska effekt

- > Mål: Betre pasientopplevingar og opplevd nytte av behandlinga
- > Betre pasientopplevingar (PREM)
- > Mindre variasjon
- > Auka eigenmeistring og opplevd nytte av behandlinga (PROM)

Avhengigheiter og konkrete referansar til tilgrensande planar, strategiar og program

- > Alle møter
- > Strategi og handlingsplan for kvalitetsregister i Helse Vest

Involverte aktørar

HF-a

UH-sektoren

Andre

Private
aktørar

Kommunane

Fastlegane

Tidslinje

2018

2019

2020

2021

2021-2025

2026-2035

1. Pasienten si helseteneste

Tiltak 1.1

Tiltak 1.2

Tiltak 1.3

Tiltak 1.4

Tiltak 1.5

Tiltak 1.6

1.3 Styrke koordinatorrolla

Bakgrunn

Pasientforløp med fleire kontaktpunkt innanfor spesialisthelsetenesta kan vere utfordrande å gjennomføre og halde kontroll på for både pasient og behandlarar. Tidspunkt, rekkjefølgje, reising, informasjonsflyt, oppdatering av planar og anna koordinering skal handterast, samtidig som behandlarane skal bruke mest mogleg tid på sine kjerneoppgåver.

Tiltak

- > Utvide koordinatorrolla til fleire pasientforløp
- > Opprette eit regionalt forum for koordinatorar

Ønska effekt

- > Mål: Sikre god og effektiv gjennomføring av medisinsk plan
- > Auka kvalitet, færre feil, auka pasientgjennomstrømming
- > Færre pasientreisar
- > Auka eigenmeistring og opplevd nytte av behandlinga (PROM)
- > Redusert kostnad pr pasient

Avhengigheiter og konkrete referansar til tilgrensande planar, strategiar og program

- > Alle møter
- > HELIKS
- > Regionale fagplanar
- > Prossessorientert verksemdutvikling

Involverte aktørar

HF-a

UH-sektoren

Andre

Private
aktørar

Kommunane

Fastlegane

Tidslinje

2018

2019

2020

2021

2021-2025

2026-2035

1. Pasienten si helseteneste

Tiltak 1.1

Tiltak 1.2

Tiltak 1.3

Tiltak 1.4

Tiltak 1.5

Tiltak 1.6

1.4 Kjennskap til og kultur for rett prioritering

Bakgrunn

Ressurstilgangen vil bli strammare i åra som kjem, samtidig som behova veks og behandlingmoglegheitene blir fleire. Innbyggjarane har dessutan rett på like gode tenester uavhengig av faglege, organisatoriske og geografiske grenser. Det vil krevje ei tydeleg, rettvis og heilskapleg prioritering i heile organisasjonen.

Tiltak

- > Sikre prioritering nødvendig plass i utdanninga
- > Gjennomføre regionale opplæringstiltak

Ønska effekt

- > Mål: Sikre ei rettvis fordeling av ressursane, og redusere kostnadsveksten
- > Heilskapleg prioritering på tvers av fagområda og organisasjonar
- > Redusert kostnadsvekst

Avhengigheiter og konkrete referansar til tilgrensande planar, strategiar og program

- > Prioriteringsforskriften
- > Regionale strategiar og langtidsbudsjett

Involverte aktørar

HF-a

UH-sektoren

Andre

Private
aktørar

Kommunane

Fastlegane

Tidslinje

2018

2019

2020

2021

2021-2025

2026-2035

1. Pasienten si helseteneste

Tiltak 1.1

Tiltak 1.2

Tiltak 1.3

Tiltak 1.4

Tiltak 1.5

Tiltak 1.6

1.5 Redusere uønskt variasjon

Bakgrunn

Talet på tilvisingar og aktivitet i spesialisthelsetenesta viser at det finst store lokale variasjonar som ikkje kan knytast til pasientane sin helsetilstand eller medverknad. Samtidig er det eit vedteke prinsipp at tenestene skal vere likeverdige, halde høg kvalitet og vere utan uønskt variasjon.

Tiltak

- > Nytte benchmarking og indikatorar til å analysere lokale, regionale og nasjonale variasjonar
- > Etablere normer og setje krav til maksimale avvik

Ønska effekt

- > Mål: Sikre høg kvalitet og likebehandling uavhengig av behandlingsstad
- > Minska uønska variasjon
- > Auka kvalitet i behandlinga
- > Redusert kostnadsvekst

Avhengigheiter og konkrete referansar til tilgrensande planar, strategiar og program

- > ...

Involverte aktørar

HF-a

UH-sektoren

Andre

Private
aktørar

Kommunane

Fastlegane

Tidslinje

2018

2019

2020

2021

2021-2025

2026-2035

1. Pasienten si helseteneste

Tiltak 1.1

Tiltak 1.2

Tiltak 1.3

Tiltak 1.4

Tiltak 1.5

Tiltak 1.6

1.6 Redusere utviklinga av antibiotikaresistens

Bakgrunn

Antibiotikaresistens er eit aukande problem i Noreg og internasjonalt. Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) publiserte i 2016 ein handlingsplan mot antibiotikaresistens i helsetenesta, som viser kva tiltak HOD vil sette i verk for å nå måla i strategien (HOD, 2016).

Helse Vest skal bidra til å redusere utviklinga av antibiotikaresistens

Tiltak

- > Utarbeide ein regional plan for å identifisera og innføre førebyggjande tiltak og arbeid mot antibiotikaresistens i relevante tiltaksområder gitt av Helse- og omsorgsdepartementet

Ønska effekt

- > Mål: Bidra til å redusere utviklinga av antibiotikaresistens

Avhengigheiter og konkrete referansar til tilgrensande planar, strategiar og program

- > Helse og omsorgsdepartementet handlingsplan (2016) mot antibiotikaresistens i helsetenesta
- > Regional plan - Smittevernplan
- > ...

Involverte aktørar

HF-a

UH-sektoren

Andre

Private
aktørar

Kommunane

Fastlegane

Tidslinje

2018

2019

2020

2021

2021-2025

2026-2035

Eitt helsevesen

2

Utdjuping av tiltaksområde

2. Eitt helsevesen

Tiltak 2.1

Tiltak 2.2

Tiltak 2.3

Tiltak 2.4

Tiltak 2.5

2.1 Integrere fastlegar og legevakt i spesialisthelsetenesta – pilot

Bakgrunn

Talet på tilvisingar frå fastlegane er for høgt. Samtidig kan dei lokale grensegangane mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta vere lite formålstenlege. Fleire kommunar slit med å rekruttere fastlegar, og fastlegar ber om tettare samarbeid, fagleg støtte og kompetanseutvikling med spesialisthelsetenesta.

Tiltak

- > Prøve ut eit avgrensa pilotforsøk der fastlegane og legevakta er ein del av spesialisthelsetenesta

Ønska effekt

- > Mål: Redusere talet på unødige tilvisingar og gje raskare og betre avklaringar til fastlegepasientar
- > Betre rekruttering til fastlegestillingar
- > Betre pasientopplevingar (PREM)
- > Auka eigenmeistring og opplevd nytte av behandlinga (PROM)

Avhengigheiter og konkrete referansar til tilgrensande planar, strategiar og program

- > Prosessorientert verksemdutvikling

Involverte aktørar

HF-a

UH-sektoren

Andre

Private
aktørar

Kommunane

Fastlegane

Tidslinje

2018

2019

2020

2021

2021-2025

2026-2035

2. Eitt helsevesen

Tiltak 2.1

Tiltak 2.2

Tiltak 2.3

Tiltak 2.4

Tiltak 2.5

2.2 Tettare integrering med private aktørar

Bakgrunn

Vi ynskjer ikkje at pasientane skal oppleve skilje mellom offentlege og private aktørar om dei er inne i eit pasientforløp. Det er òg viktig å ha ei felles forståing av prioriteringar og samfunnsoppdraget, der aktørane kan spele kvarandre gode.

Tiltak

- > Vidareutvikle avtalane med private aktørar, og setje krav til mellom anna pasientflyt, fagleg samarbeid og utvikling, bruk av samhandlande elektroniske løysingar med meir. Avtalane skal gi rom for fleksibilitet, innovasjon og leggje til rette for beste praksis.

Ønska effekt

- > Mål: Betre oppleving for og behandling av pasientane, og lågare ressursbruk
- > Betre pasientopplevingar (PREM)
- > Auka eigenmeistring og opplevd nytte av behandlinga (PROM)
- > Auka innovasjon

Avhengigheiter og konkrete referansar til tilgrensande planar, strategiar og program

- > Teknologiplan
- > ...

Involverte aktørar

HF-a

UH-sektoren

Andre

Private
aktørar

Kommunane

Fastlegane

Tidslinje

2018

2019

2020

2021

2021-2025

2026-2035

2. Eitt helsevesen

Tiltak 2.1

Tiltak 2.2

Tiltak 2.3

Tiltak 2.4

Tiltak 2.5

2.3 Gje private aktørar heilskapleg ansvar

Bakgrunn

Vi ynskjer ikkje at pasientane skal oppleve skilje mellom offentlege og private aktørar om dei er inne i eit pasientforløp. Det er òg viktig å ha ei felles forståing av prioriteringar og samfunnsoppdraget. Med ansvar for meir enn berre enkelte prosedyre, kan samspelet mellom offentlege og private aktørar få eit betre grunnlag.

Tiltak

- > Greie ut kva gevinstar som kan hentast ut gjennom utlysing av større funksjonar og ansvarsområde, og eventuelt gjennomføre ei slik utlysing

Ønska effekt

Mål: Betre oppleving for og behandling av pasientane, og lågare ressursbruk

- > Betre pasientopplevingar (PREM), raskare behandling
- > Færre henvisingar og innleggingar
- > Redusert kostnadsvekst

Avhengigheiter og konkrete referansar til tilgrensande planar, strategiar og program

- > Teknologiplan
- > Proessorientert verksemdutvikling
- > ...

Involverte aktørar

HF-a

UH-sektoren

Andre

Private
aktørar

Kommunane

Fastlegane

Tidslinje

2018

2019

2020

2021

2021-2025

2026-2035

2. Eitt helsevesen

Tiltak 2.1

Tiltak 2.2

Tiltak 2.3

Tiltak 2.4

Tiltak 2.5

2.4 Styrke samarbeidet mellom fastlegar og spesialisthelsetenesta

Bakgrunn

Talet på tilvisingar frå fastlegane er for høgt, og enkelte pasientar ventar unødige lenge på avklaringar. Fastlegar ber òg om fagleg støtte, raskare svar og tettare samarbeid med spesialisthelsetenesta.

Tiltak

- > Vurdere og eventuelt innføre meir effektive løysingar for direkte kontakt og samarbeid mellom spesialistar i sjukehusa og fastlegar.

Ønska effekt

Mål: Redusere talet på unødige tilvisingar og gje raskare avklaringar til fastlegepasientar

- > Betre pasientopplevingar (PREM), raskare behandling
- > Færre henvisingar og innleggingar
- > Redusert kostnadsvekst

Avhengigheiter og konkrete referansar til tilgrensande planar, strategiar og program

- > Teknologiplan
- > Proessorientert verksemdutvikling
- > ...

Involverte aktørar

HF-a

UH-sektoren

Andre

Private
aktørar

Kommunane

Fastlegane

Tidslinje

2018

2019

2020

2021

2021-2025

2026-2035

2. Eitt helsevesen

Tiltak 2.1

Tiltak 2.2

Tiltak 2.3

Tiltak 2.4

Tiltak 2.5

2.5 Styrke beredskapssamarbeidet på Vestlandet

Bakgrunn

Geografien og næringsverksemda på Vestlandet skapar særlege utfordringar, samtidig som trugselbiletet er i endring. Talet på beredskapsaktørar og spesialitetar innanfor beredskapen er høgt, og aktørane er spreidde, men ny infrastruktur og betre framkomstmiddel knyt regionen tettare saman.

Tiltak

- > Greie ut samarbeidsformer og eventuell samlokalisering knytt til beredskap og vaktsentral med eksempelvis kommunale helsetenester, politiet, brannvesenet, forsvaret, Avinor, Statens vegvesen, Jernbaneverket og andre.

Ønska effekt

- > Mål: Betre felles beredskap og tryggleik for innbyggjarane

Avhengigheiter og konkrete referansar til tilgrensande planar, strategiar og program

- > Regional helseberedskapsplan for Helse Vest
- >

Involverte aktørar

HF-a

UH-sektoren

Andre

Private
aktørar

Kommunane

Fastlegane

Tidslinje

2018

2019

2020

2021

2021-2025

2026-2035

Utvikling av helsetenestene

3

Utdjuping av tiltaksområde

3. Utvikling av helsetenestene

Tiltak 3.1

Tiltak 3.2

Tiltak 3.3

Tiltak 3.4

3.1 Fleire spesialisthelsetenester utanfor sjukehusa

Bakgrunn

Ny teknologi gjer det mogleg å yte stadig fleire spesialisthelsetenester utanfor sjukehusa og i heimane til folk. Pasientar kan dessutan unngå unødig reising og venting, og få ei betre teneste og oppleving, ved å bli behandla i eigen heim.

Tiltak

- > Greie ut kva slags spesialisthelsetenester som med fordel kan ytast utanfor sjukehusa og i heimane til folk, på kort og lengre sikt.
- > Lage ein plan for prioritering og utvikling av tenester utanfor sjukehusa

Ønska effekt

- > Mål: Betre pasientopplevingar og opplevd nytte av behandlinga, og redusere kostnadsveksten
- > Betre pasientopplevingar (PREM)
- > Auka eigenmeistring og opplevd nytte av behandlinga (PROM)
- > Redusert kostnadsvekst

Avhengigheiter og konkrete referansar til tilgrensande planar, strategiar og program

- > Teknologiplan
- > Proessorientert verksemdutvikling

Involverte aktørar

HF-a

UH-sektoren

Andre

Private
aktørar

Kommunane

Fastlegane

Tidslinje

2018

2019

2020

2021

2021-2025

2026-2035

3. Utvikling av helsetenestene

Tiltak 3.1

Tiltak 3.2

Tiltak 3.3

Tiltak 3.4

3.2 Regional virtuell radiologisk diagnoseeining

Bakgrunn

Helse Vest arbeider med ei felles løysing for røntgeninformasjonssystem (RIS) og arkiv for røntgenbilete (PACS), i kombinasjon med eit felles digitalt mediearkiv (DMA) for heile regionen. Tilgangen på radiologar er samtidig utfordrande i enkelte deler av helsetenesta. Ei samla, felles, diagnoseeining kan både styrke fagmiljøet og gi betre (virtuell) tilgang til radiologar og radiologitenester.

Tiltak

- > Greie ut mogleg felles virtuell radiologisk diagnoseeining for Helse Vest

Ønska effekt

- > Mål: Raskare og betre diagnostisering og tilgang på radiologar i heile regionen
- > Styrka diagnostisk fagmiljø
- > Auka klinisk kvalitet. Raskare og betre diagnosenester
- > Auka eigenmeistring og opplevd nytte av behandlinga (PROM)

Avhengigheiter og konkrete referansar til tilgrensande planar, strategiar og program

- > Teknologiplan
- > Proessorientert verksemdutvikling
- > ...

Involverte aktørar

HF-a

UH-sektoren

Andre

Private
aktørar

Kommunane

Fastlegane

Tidslinje

2018

2019

2020

2021

2021-2025

2026-2035

3. Utvikling av helsetenestene

Tiltak 3.1

Tiltak 3.2

Tiltak 3.3

Tiltak 3.4

3.3 Auka satsing på kvalitetsutvikling og innovasjon

Bakgrunn

Bruken av ressursar til utvikling har over tid hatt stor vekt på forskning, men behovet for innovasjon og kvalitetsutvikling i tenestene har auka. Dagens tildeling av midlar til innovasjon og kvalitetsutvikling er ikkje tilstrekkeleg for å dekkje dette behovet.

Tiltak

- > Dreie fordelinga av forskings- og innovasjonsmidlar mot satsingane som gir størst mogleg nytte for pasientane

Ønska effekt

- > Mål: Raskare innovasjon og utvikling av tenester

Avhengigheiter og konkrete referansar til tilgrensande planar, strategiar og program

- > Teknologiplan
- > Innovasjonsstrategi
- > ...

Involverte aktørar

HF-a

UH-sektoren

Andre

Private
aktørar

Kommunane

Fastlegane

Tidslinje

2018

2019

2020

2021

2021-2025

2026-2035

3. Utvikling av helsetenestene

Tiltak 3.1

Tiltak 3.2

Tiltak 3.3

Tiltak 3.4

3.4 Felles investeringar i teknologi og infrastruktur

Bakgrunn

Fleire spesialisthelsetenester skal finne stad i pasientane sine heimar – ofte i tett samspel med primærhelsetenesta. Det er òg behov for utveksling av informasjon og bruk av integrerte system og teknologiar. Både spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta står føre ei storstilt digitalisering og satsing på teknologi.

Tiltak

- > Greie ut moglege felles investeringar i teknologi og infrastruktur med kommunane

Ønska effekt

- > Mål: Betre samhandlinga med kommunane og etablering av fleire tenester utanfor sjukehusa
- > Betra samhandling
- > Auka omstillingsevne
- > Redusert kostnadsvekst, redusert dublerde investeringar

Avhengigheiter og konkrete referansar til tilgrensande planar, strategiar og program

- > Teknologiplanen
- > ...
- > ...

Involverte aktørar

HF-a

UH-sektoren

Andre

Private
aktørar

Kommunane

Fastlegane

Tidslinje

2018

2019

2020

2021

2021-2025

2026-2035

Medarbeidaren, leiing og organisasjon

4

Utdjuping av tiltaksområde

4. Medarbeidaren, leiing og organisasjon

Tiltak 4.1

Tiltak 4.2

Tiltak 4.3

4.1 Utvikle sjukehus i nettverk

Bakgrunn

Nasjonal helse- og sjukehusplan og Helse Vest sin strategi, Helse2035, legg vekt på at sjukehusa skal jobbe saman som eit team i eit forpliktande nettverk. Oppgåvedelinga skal bli tydelegare og spesialiseringa skal auke. Samtidig skal enkelte tenester bli ytterlegare desentraliserte.

Tiltak

- > Greie ut korleis sjukehusa i Helse Vest kan samarbeide betre og knytast tettare saman gjennom eksempelvis felles journal, fagleg nettverk, funksjonsdeling, nasjonale tenester, pasientkoordinatorar og pasientstrømmer internt

Ønska effekt

- > Mål: Betre ressursutnytting og høgare behandlingsskvalitet
- > Betre pasientopplevingar (PREM), samanhengande pasientforløp
- > Styrka fagmiljø
- > Redusert kostnadsvekst

Avhengigheiter og konkrete referansar til tilgrensande planar, strategiar og program

- > Fagplanar
- > Proessorientert verksemdutvikling

Involverte aktørar

HF-a

UH-sektoren

Andre

Private
aktørar

Kommunane

Fastlegane

Tidslinje

2018

2019

2020

2021

2021-2025

2026-2035

4. Medarbeidaren, leiing og organisasjon

Tiltak 4.1

Tiltak 4.2

Tiltak 4.3

4.2 Tverrfagleg utdanningsløp og spesialisering

Bakgrunn

Ein stor del av aktiviteten i spesialisthelsetenesta er knytt til pasientar med fleire sjukdomar og lidingar. Samtidig blir spesialiseringane fleire og meir avgrensa. Det gjer at pasientforløpa vil involvere stadig fleire behandlarar og fagområde.

Tiltak

- > Greie ut og definere nødvendig tverrfagleg kompetanse og kunnskap om prioritering, og utvikle kompetansetiltak og utdanningsløp i samarbeid med utdanningssektoren

Ønska effekt

- > Mål: Raskare diagnostisering og behandling, betre pasientopplevingar og auka fagleg tryggleik hos dei tilsette
- > Betre pasientopplevingar (PREM)
- > Auka eigenmeistring og opplevd nytte av behandlinga (PROM)

Avhengigheiter og konkrete referansar til tilgrensande planar, strategiar og program

- > Bemanningsmodell og kompetanseplanar
- > ...

Involverte aktørar

HF-a

UH-sektoren

Andre

Private
aktørar

Kommunane

Fastlegane

Tidslinje

2018

2019

2020

2021

2021-2025

2026-2035

4. Medarbeidaren, leiing og organisasjon

Tiltak 4.1

Tiltak 4.2

Tiltak 4.3

4.3 Utdanning og utvikling av leiarar

Bakgrunn

Krava til leiarane endrar seg, og dei må tileigne seg kunnskap og kompetanse om nye område. Ein av dei viktigaste utviklingsfaktorane er innføring og bruk av nye teknologiske og digitale løysingar. Leiarane må meistre utvikling og endring der teknologi er eit gjennomgåande element

Tiltak

- > Greie ut og definere nødvendig leiarkompetanse og kunnskap om prioritering, og utvikle kompetansetiltak og utdanningsløp i samarbeid med utdanningssektoren

Ønska effekt

- > Mål: Utvikle gode leiarar
- > HMS
- > Auke medarbeidartilfredshet
- > Betre ressursutnyttelse
- > Heilskapelege prioriteringar

Avhengigheiter og konkrete referansar til tilgrensande planar, strategiar og program

- > Bemanningsmodell og kompetanseplanar
- > ...

Involverte aktørar

HF-a

UH-sektoren

Andre

Private
aktørar

Kommunane

Fastlegane

Tidslinje

2018

2019

2020

2021

2021-2025

2026-2035

> Premiss for gjennomføring



Miljø og klima

Ivaretaking av miljøet skal vere ein integrert del av Helse Vest si verksemd. Helseføretaka skal ha så liten negativ miljøpåverknad som mogleg. Ansvar for miljøet strekkjer seg òg til leverandørar og andre samarbeidspartnarar. Vi må derfor ha god nok miljøfagleg kompetanse, vi må stille miljørelaterte krav både til oss sjølve og andre, og vi må vere ein pådrivar for å ta samfunns- og miljøansvar.



Eigarskap, prosjekt- og porteføljestyling

Tiltaka i strategien kan gjennomførast som rein linjeaktivitet eller som eigne utviklings- og endringsprosjekt. Uansett må eigarskapet forankrast, og tiltaksplanen og dei enkelte tiltaka følgast opp. Prosjekta skal følgast opp gjennom heilskapleg porteføljestyling, der samsvar mellom dei strategiske måla og gjennomføring av tiltaka skal sikrast. Ressursstyring og rett prioritering er ein sentral del av porteføljestylinga. Gjennomgang og revidering av dei regionale fag- og funksjonsplanane skal sørge for at dei er i tråd med Helse2030.

Felles metodikk for prosjekt- og porteføljestyling skal brukast og utviklast vidare i samsvar med nye mål og behov. Realisering av nytte og verdi er viktig. Nye og eksisterande indikatorar vil derfor bli brukte i oppfølginga av strategien og dei enkelte tiltaka. Indikatorane og målstyringa må byggje opp om ei berekraftig økonomisk utvikling og sikre framtidig handlingsrom for nye investeringar.

Fleire av tiltaka i strategien kan representere ein auka risiko. Det gjeld mellom anna nye teknologiske løysingar og auka informasjonsdeling og avhengigheit mellom aktørane. Risikokartlegging og risikostyring vil derfor bli endå viktigare enn tidlegare.



Internt og eksternt samarbeid

Heile organisasjonen og alle som jobbar i Helse Vest, har ansvar for å følgje opp strategien og bidra til å realisere måla vi set oss. Det krev brei forankring, god koordinering, velfungerande medarbeidarskap og tydeleg leiarskap.

Brukarorganisasjonar, tillitsvalde og vernetenesta er sentrale bidragsytarar når tenestene og organisasjonen skal utviklast. Dei representerer eit potensial og ein ressurs som skal nyttast på beste måte når strategien skal realiserast.

Helse Vest er berre ein del av ein heilskap og berre ein del av pasienten si helseteneste. For å realisere ambisjonane og oppnå målsetjingane i Helse2030 må vi samarbeide tett med andre involverte aktørar og utvikle oss saman til beste for innbyggjarane.

> Kolofon